



Sjå <http://uwrcrn.no/academics/>  
for generell informasjon om studiet på  
UWC Røde Kors Nordisk:

Søknad sendes direkte til: [admissions@uwrcrn.no](mailto:admissions@uwrcrn.no)  
med søknadsfrist 15. februar, 2020.

Har du spørsmål, ring  
Leonie Merts Koning på 57 73 70 04,  
eller send epost til [admissions@uwrcrn.no](mailto:admissions@uwrcrn.no).

# Internasjonale studieplassar i Sogn og Fjordane



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Med skulestart august 2020 kan UWC Røde Kors Nordisk og Sogn og Fjordane Fylkeskommune i samarbeid tilby eit to-årig studie som leier fram til Diplom for International Baccalaureate (IB), gjennom ei fylkesdekkande linje.

Søkjjarar må vere busette i Sogn og Fjordane.

IB er eit toårig universitetsførebuande opplæringstilbod som byggjer på fullført vg1 frå eit studieførebuande utdanningsprogram. Eksamen frå IB-lina kvalifiserer for opptak til dei fleste høgare lærestader i verda, med moglegheiter for spesielle «scholarships». Den daglege undervisninga er på engelsk, på UWC Røde Kors Nordisk, på Haugland i Fjaler. Om ønskeleg kan ein få overnattingsplass og måltid på campus.

Utdanningstilbodet er gratis.



Om ein går for modellen med overnatting og mat på campus, vil det vere ein årleg eigenandel på 30.000 kr for skuleåret 2020-21. I tillegg skal det elevane får som bo - og statsstipend gjennom Lånecassen, bli betalt som eit restbeløp for å dekke skulen sine kostnader.

På same vis som ungdommar i resten av landet, kan elevar i Sogn og Fjordane søkje på studieplassar til alle UWC skulane i verda, gjennom UWC Norge (nasjonalkomiteé med kontor i Oslo). Søkjjarar bør velje ein av desse kanalane. Dvs dei som økjer gjennom nasjonalkomiteen vil ikkje vere kandidat for den fylkesdekkande linja.

